


# STRATEGI FOR BRUK AV TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE

VIK KOMMUNE 2024 – 2025

vedteke i Vik formannskap  
18.04.24



## Innhald

### Innhold

<b>Innleiing og føremål .....</b>	<b>3</b>
<b>Beiteområde i Vik kommune .....</b>	<b>3</b>
<b>Kven kan søkje?.....</b>	<b>3</b>
<b>Aktuelle tiltak.....</b>	<b>4</b>
<b>Søknad og kommunal handsaming .....</b>	<b>4</b>
<b>For eigeninnsats kan desse satsane nyttast: .....</b>	<b>5</b>
<b>Prioritet: .....</b>	<b>5</b>
<b>Vilkår: .....</b>	<b>6</b>
<b>Heimel og lokal forankring .....</b>	<b>6</b>

## Innleiing og føremål

Overordna reglar for tilskot til tiltak i beiteområde er fastsette i forskrift. Ordninga vart overført til kommunane frå Statsforvaltaren i Vestland i år 2020. Tilskota skal medverke til best mogeleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Kommunen skal ha ein eigen tiltaksstrategi som fortel korleis det skal prioriterast mellom dei ulike tiltaka lokalt. Vik kommune sin tidlegare strategi for bruk av tilskot til tiltak i beiteområde for åra fom 2021 tom 2023 vart vedteken av Vik formannskap 06.05.2021.

Føremålet med tilskotet er å leggje til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

### **Ved fordeling av midlar vil fylgjande kriterie bli vektlagt:**

- Tiltak som fremjar dyrevelferda på utmarksbeite
- Tiltak som er til nytte for beitedyra, grunneigarar og ålmenta
- Område og tiltak som har påverknad for å ivareta beiteressursar med både natur og kulturminneverdi.

## Beiteområde i Vik kommune

Landbruksaktivitet og beitedyr har vore ein viktig faktor i utforming av landskapsbiletet i Vik kommune. Dei fleste fjellområda i kommunen vår har unike beiteressursar som gjev god slaktekvalitet på dyr som har beita her. Kommunen vår har pr. i dag 3 beitelag; Vik, Feios og Fresvik beitelag. Tal i beitelagsrapportane viser at det er sleppt 12.765 småfe i tillegg til 864 storfe og hest i år 2023 i kommunen vår.

### **Beiting i utmark eit berekraftsfremjande tiltak**

I Norge har forskarar m.a frå NIBIO og NMBU gjort undersøkingar av effekten på fjellbeite og fann ut at det var dobbelt så mykje karbon knytt til grasmark som det vart beita på samanlikna med krattområde utan beiting. (Kjelde Hillestad, M.E Bunger – 2021 karbonlagring med beitande husdyr i Oppdal-forprosjekt – AgriAnalyse,2.

I bruken av utmarksbeite styrkjer ein matproduksjonen samstundes som ein utnyttar verdifulle naturressursar!

## Kven kan søkje?

Det er primært beitelaga som kan søkja gjennom denne ordninga. Elles kan desse vere søkjarar til ordninga:

- lag og foreningar som driv næringsmessig beitedrift (bjøllelag, grunneigarlag) som er registrerte i einheitsregisteret
- føretak som grunna drift og naturgjevne forhold ikkje ligg til rette for samarbeid, med rett på produksjonstilskot.
- stat, fylke og kommune kan søke via lag eller foreningar, der ein eller fleire tilskotsberettiga eigedomar er med.

Statsforvaltaren i Vestland gjev kommunane rammeløyving årleg, og bruken av midlane skal rapporterast til Statsforvaltaren. Rammetildelinga for enkeltåret vil gi grunnlag for tilskot.

## Aktuelle tiltak

Det kan søkjast tilskot til planleggings- og tilretteleggingstiltak. Her ser ein føre seg at det er prosjekt som rettar seg mot organisering med eit mål som forsvarar god og effektiv bruk av utmarksbeita våre. Nokre eksempel på slike tiltak er mellom anna:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar
- Ny organisering av beitelag og utmarksområde
- Prosjekt for stimulering av auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita
- Utpøving av nytt utstyr som kan medverka til effektiv og god beitebruk. (tidsavgrensa tiltak)
- Utarbeiding av planar for bruk av utmarksbeita (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan.
- Vegetasjonskartlegging

### Alternativt kan det søkjast om:

- Elektronisk overvakingstutstyr (radiobjøller, lammenodar, merkeavlesarar)
- Elektronisk gjerde t.d.av typen Nofence
- Sanke- og skilleanlegg
- Transportprammar
- Bruer dimensjonert for føring av beitedyr
- Sperregjerde. Ein føresetnad for støtte til slike gjerde er at gjerdet ikkje avskjer kjende trekkpassassar for rein.
- Gjetarbu inntil 20 m<sup>2</sup> med ein kvadratmeterpris som svarar til gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området
- ferister – godkjent fabrikkat eller bygde etter standardteikningar
- Rydding av driftevegar

Eventuelt kan det vere andre tiltak som er i tråd med føremålet til tilskotsordninga.

## Søknad og kommunal handsaming

Søknadsfristen er **15. april**.

Utlysing med søknadsfrist blir gjort kjent på nettsida til kommunen.

Søknad om tilskot til investeringstiltak i beiteområda skal sendast til den kommunen der tiltaket skal gjennomførast.

Dersom tiltaket strekkjer seg over to eller fleire kommunar, skal søknaden sendast til den som er mest berørt av tiltaket.

Søknad skal sendast elektronisk via søkeportalen Altinn.

### Søknader med vedlegg må innehalda fylgjande:

- Føremål for omsøkt tiltak
- Kostnadsoverslag
- Kart merka der tiltaket skal gjennomførast
- Foto og/-eller teikning av omsøkt tiltak
- Avtale med grunneigarar dersom tiltaket skjer på leigeareal eller i sameige.

### For eigeninnsats kan desse satsane nyttast:

- Planlegging av tiltak (ut over søknadsskriving): 200 kr/time
- Manuell utført eige arbeid: 350 kr/time
- Bruk av motorsag, ryddesag ol.: 450 kr/time
- Bruk av traktor med reiskap: 600 kr/time
- Bruk av gravemaskin fom. 4 tonn: 800 kr/time

### Prioritet:

#### Tilskot til tiltak i beiteområde:

Tiltak	Tilskotsprosent
<ul style="list-style-type: none"><li>• Elektronisk overvåkingsutstyr (radiobjøller, lammenodar, merkeavlesarar)</li><li>• Utarbeiding av planar for bruk av utmarksbeita (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan.</li><li>• Elektronisk gjerde t.d Nofence</li></ul>	Inntil 70% tilskot av dokumentert kostn.
<ul style="list-style-type: none"><li>• Sanke- og skilleanlegg</li><li>• Bruer dimensjonert for føring av beitedyr</li></ul>	Inntil 50% tilskot av dokumentert kostn.

Kommunen kan vektlegge søkjar si eigenfinansiering (verdi i kroner eller eigeninnsats) under vurderinga til prioritering av søknader.

## Vilkår:

Kommunen set vilkår for kvart enkelt tiltak, for å sikre at tiltaket vert gjennomført forsvarleg etter lover og forskrifter, og at det vert sikra framhald av skjøtsel og vedlikehald av tiltaket over tid. Ein ynskjer, om det er mogeleg, ei geografisk fordeling av tilskota i kommunen.

Nedanfor vert det vist til kva vilkår som gjeld i høve tildelt tilskot:

- Det kan ikkje bli gitt tilskot til investeringstiltak og/eller planleggings og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde som er leigd i ein periode mindre enn 10 år.
- Lik geografisk fordeling av tilskota skal vurderast i høve antal beitedyr.
- Tiltaket skal ikkje vera starta opp før søknad vert innsendt.
- Det skal ikkje bli gitt nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste innstallasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot av elektronisk overvakingssystem.
- Frist for gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt er 3 år frå tilskot blir løyvt, med unnatak av der kommunen har sett ein kortare frist i innvilga søknad.
- Der det føreligg relevante godkjende planar (beitebruksplanar, tiltaksplanar m.m) bør tiltaka vere i samsvar med planane.

Det vert sett forventningar at søkjar har vist ei god gjennomføringsevne i tidlegare prosjekt.

Søknader kan avvisast dersom den ikkje oppfyller målet med ordninga, bryt med vilkåra § 2, eller er sendt inn etter søknadsfrist.

## Utbetaling

Før kommunen kan betale ut tilskot må det føreliggje rapport med sluttrekneskap, og gjerne bilete der det høver. Ved behov skal kommunen synfare tiltaket for ferdig-godkjenning. Det kan gjevast delutbetaling etter kvart som prosjektet vert utført og det ligg føre ein dokumentasjon på dette. Minst 25% av tildelt tilskot skal haldast attende til alt arbeid er fullført og sluttrapport og rekneskap er godkjent.

## Heimel og lokal forankring

Tiltaksstrategien i Vik kommune skal fastsetjast innafor rāmene til forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde jf.forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde FOR-2013-02-04-206.

Rundskriv 2019-45 – forvaltning av forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde

For føretak der det av naturgjevne eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid, kan stønad tildelast etter forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde § 2, der føretaket har rett til produksjonstilskot etter § 3 og § 4 i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket FOR-2014-12-19-1817.